

Svar til høyringsforslag på damsikkerheitsforskrifta

Vi viser til brev frå NVE datert 15.06.2026 om «Høring av forslag til revidert damsikkerheitsforskrift ved vassdragsanlegg (damsikkerheitsforskriften)» med NVE-referanse 202601321-1. Tafjord kraftproduksjon AS vil med dette kome med høyringsinnspel.

Generelt synest vi det er positivt med ei meir funksjonsbasert forskrift, så lenge det ikkje gir eit uforholdsmessig stort dokumentasjonsarbeid og ressursbruk for oss. Etter vår vurdering er dette undervurdert i høyringsnotatet.

Vi stiller oss bak høyringssvaret frå VTF og Fornybar Norge. Som Fornybar Norge skriv må formålsbestemmelsen sikre at hensynet til sikkereita blir vege opp mot andre samfunnsomsyn. Vi ønsker i tillegg å presisere eit par punkt:

- I § 7-5 er det i høyringsforslaget lagt inn forslag om at revurderinga skal sendast til NVE til orientering. Vi ønsker at revurderingar skal godkjennast, då ei godkjenning gir oss ei stadfesting på om vår og fagansvarleg si vurdering av sikkerheitsnivå er i samsvar med krava. Vi viser elles til VTF sin «Begrunnelse for endringsforslagene» for punkt 6 i §7-5 i deira sitt høyringsinnspel.
- Vi vil også kommentere at vi ser det er lagt opp til krav til gjennomføring av risikovurderingar i mykje større grad enn før. Dette ser vi for oss er ressurskrevande for ei mindre bedrift som oss, og at vi vil få eit større vurderings-, dokumentasjons- og avgjerdsansvar, med det det vil fører med seg av økonomiske og administrative konsekvensar. **Vi ønsker at risikovurdering i større grad kan vere eit alternativ, ikkje eit krav.**

Tafjord 14.09.2026

For

Tafjord Kraftproduksjon AS



Bernt Are Lervåg

Leiar Bygg og Vassdrag